

Møteinnkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato:	09.11.2017
Tid:	11:30

Program

- Kl 11:30 – 13:00 Saksbehandling
- Kl. 13:00 – 13:30 Lunsj
- Kl. 13:30 – 15:00 Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 35/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 36/17	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet den 12.09.2017	2017/2682	
PS 37/17	Godkjenning av sakliste		
PS 38/17	Referatsak (meldingar)		
RS 18/17	Landskonferansen 2018	2017/2682	
RS 19/17	Vestlandskonferansen 2018	2017/2682	
RS 20/17	Angående opptrykk av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017 - svar frå SKYSS	2017/2682	
RS 21/17	Skriftleg innspel frå Fylkeseldrerådet til rulleringen av Handlingsplan for folkehelse etter innspelsmøte 25.09.17	2017/2682	
RS 22/17	Ad. Servicelinjer på tvers av bydelene - svarbrev frå SKYSS	2017/2682	
RS 23/17	Fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse - tilbakemelding frå fylkestannlegen	2017/2682	
RS 24/17	Ad. eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland	2017/2682	
RS 25/17	Forslag til endringar i TT-ordninga	2017/2682	
RS 26/17	Svar på spørsmål om innfartsparkering frå Silje Hjemdal	2014/15627	
RS 27/17	Spørsmål og svar i møte 08.06.2017 i utval for miljø og samferdsel, Parkeringsmuligheter i Birkelandsskiftet	2017/2682	
RS 28/17	Økonomi - kort status	2017/2682	
PS 39/17	Ad. flytting av gangfelt i Årstadveien. Tilkomst til nye Haraldsplass Diakonale sykehus - brev frå Fylkeseldrerådet til Statens vegvesen Region vest	2017/2682	
PS 40/17	Ad. brev frå fylkeseldrerådet til Skyss angående navn på busshaldeplass ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus	2017/2682	
PS 41/17	Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2018-2019	2017/2682	
PS 42/17	Årsmelding for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2017	2017/2682	
PS 43/17	Ymse		

PS 35/17 Godkjenning av møteinnkalling



Arkivnr: 2017/2682-38
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	36/17	09.11.2017

Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet den 12.09.2017

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner møteprotokoll frå møte den 12.09.2017.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
Jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 12.09.2017
Tidspunkt: 09:30 – 14:50

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Odd Himle	Medlem	SS-H
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV Gjekkl kl 13
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Aina Haugstad	Spesialrådgjevar
Sigrid Næsheim Bjercke	Seniorrådgjevar
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar
Dianne Kilvær	Sekretær

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 27/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 28/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 29/17	Godkjenning av sakliste		
PS 30/17	Referatsak (meldingar)		
RS 12/17	Vedr. Pasientreiser - brev sendt Fylkeseldrerådet	2017/2682	X
RS 13/17	Transportordninga for funksjonshemma, TT-kort på sykehjem- svar frå samferdselsavdelinga	2017/2682	
RS 14/17	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2017	2015/10845	
RS 15/17	Årsmelding 2016 Hordaland fylkeskommune	2014/15084	
RS 16/17	Årsmelding 2016 - Austevoll eldreråd	2017/2682	
RS 17/17	Skyss: Angående opptrykk av av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017	2017/2682	
PS 31/17	Revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse	2017/2682	
PS 32/17	Forslag til agenda for Eldrerådskonferansen 2017	2017/2682	
PS 33/17	Møteplan for året 2018	2017/485	
PS 34/17	Ymse		

PS 27/17 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

PS 28/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkeseldrerådet sitt møte 19.06.2017 vart godkjent utan merknadar.

PS 29/17 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

Vedtak

Saklista vart godkjent utan merknadar.

PS 30/17 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

I samband med RS 13 vil ein kome tilbake med ny sak dersom samferdselsavdelinga kjem med nytt svar.

I samband med RS 14 ønskjer fylkeseldrerådet sak på følgjande punkt til neste møte:

- Budsjet 2018/Økonomiplan 2018/2021
- Gjennomføringsplan innfartsparkering
- Rassikringsplan
- Oppfølging av kulturplanen

I samband med RS 16/17 er det ønskjeleg å få tilsendt årsmeldingar frå alle kommunane. Opplyse om dette på eldrerådskonferansen.

I samband med RS 17/17 kunne Solbakken informere om at båtane har rutehefte. Ystanes vil sjekke det same på bussane i Hardanger. Administrasjonen vil etterlyse svar frå Skyss.

Vedtak

Fylkeseldrerådet tek referatsakene til orientering.

RS 12/17 Vedr. Pasientreiser - brev sendt Fylkeseldrerådet

RS 13/17 Transportordninga for funksjonshemma, TT-kort på sykehjem- svar frå samferdselsavdelinga

RS 14/17 Større saker til politisk behandling 2. halvår 2017

RS 15/17 Årsmelding 2016 Hordaland fylkeskommune

RS 16/17 Årsmelding 2016 - Austevoll eldreråd

RS 17/17 Skyss: Angående opptrykk av av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017

PS 31/17 Revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet tek prosjektskiltring av revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse til orientering.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

Vedtak

Fylkeseldrerådet tek prosjektskiltring av revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse til orientering.

PS 32/17 Forslag til agenda for Eldrerådskonferansen 2017

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til program for Eldrerådskonferansen 2017 som framlagt.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

Fylkeseldrerådet v/Synnøve Solbakken (A) sette fram slikt forslag:

«Endring i program for eldrerådskonferansen 2017:

7. november

Kl 15:00 – 16:00

Presentasjon av gruppearbeid

Kl 16:00 – 16:15	Kaffipause
Kl 16:15 – 17:15	Tema 4 - Astrid Toft
Kl 17:15	Fritid fram til middag
Kl 19:00	Middag m/kulturinnslag

Arbeidsutvalet får fullmakt til å setja saman grupper til kl 14:10 på konferansens første dag. Sjå på kva kommunar som kan få ein variert samansetjing av gruppene.

Fylkeseldrerådet satte fram forslag om at eldrerådet i Fjell kommune vert spurt om å halde innlegg. Arbeidsutvalet får fullmakt til å velje den andre kommunen (liten kommune).»

Røysting

Fylkeseldrerådet slutta seg til Solbakken sine forslag.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til program for Eldrerådskonferansen 2017 som framlagt med slike endringar:

7. november

Kl 15:00 – 16:00	Presentasjon av gruppearbeid
Kl 16:00 – 16:15	Kaffipause
Kl 16:15 – 17:15	Tema 4 - Astrid Toft
Kl 17:15	Fritid fram til middag
Kl 19:00	Middag m/kulturinnslag

Arbeidsutvalet får fullmakt til å setja saman grupper til kl 14:10 på konferansens første dag. Sjå på kva kommunar som kan få ein variert samansetjing av gruppene.

Fylkeseldrerådet satte fram forslag om at eldrerådet i Fjell kommune vert spurt om å halde innlegg. Arbeidsutvalet får fullmakt til å velje den andre kommunen (liten kommune).

PS 33/17 Møteplan for året 2018

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek møteplanen for året 2018 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter slik den ligg føre.

Fylkeseldrerådet i Hordaland vedtek møteplanen for året 2018 for fylkeseldrerådet sine møter slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek møteplanen for året 2018 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter slik den ligg føre.

Fylkeseldrerådet i Hordaland vedtek møteplanen for året 2018 for fylkeseldrerådet sine møter slik den ligg føre.

PS 34/17 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

ORIENTERINGAR

Kl 09:35 – 10:00

Spesialrådgjevar Aina Haugstad og seniorrådgjevar Sigrid Næsheim Bjercke frå Regionalavdelinga orienterte om nye tiltak eller vesentleg endring av tiltak knytt til universell utforming i revisjon av handlingsprogrammet til folkehelseplan for Hordaland.

Inger Sjong (FL H/Frp/V/MDG) etterlyser svar på RS 1/17 om servicelinjer og ønskjer tilsendt svar på spørsmål i fylkesutvalet 24.08.17 om innfartsparkering.

Gunda F Sparre (LOP) stilte spørsmål om fylkeseldrerådet også vil ha tilsendt referat frå underutvala av brukarutvala. Solbakken ønskjer alt elektronisk, øvrige i fylkeseldrerådet ønskjer kun munnleg referat. Det blei også informert om at Haraldsplass får behalde sitt eige kjøkken.

Gunda F Sparre (LOP) lage forslag til politisk sak til neste møte på følgjande:

- Henvendelse til Skyss om anmodning om navneskifte på haldeplassen i Årstadveien når Haraldsplass nye sjukehus opnar, samt ønskje om haldeplass ved Ulset sykehjem.
- Henvendelse til Statens vegvesen om nytt gangfelt i Årstadveien.

Kåre Ystanes (Pensjonistforbundet) etterlyser svar frå fylkestannlegen om fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse,
RS sak 24/17 i utval for opplæring og helse

Monrad Reigstad (Fagdforbundet) ber om at administrasjonen sender svar på at brev frå Helseutvalet i Pensjonistforbundet i Hordaland er mottatt og at dette vil bli behandla på neste møte.

Administrasjonen sjekkar om gåvekort til elevane frå Langhaugen, som skal underhalde på eldrerådskonferansen, heller kan gis samlabeløp til klassekasse.

Administrasjonen ordnar med bøker som gåver til innleiarane på konferansen.

PS 37/17 Godkjenning av sakliste

PS 38/17 Referatsak (meldingar)

Fra: Line Samuelsen (line.samuelson@tromsfylke.no)

Sendt: 20.09.2017 11:01:17

Til: Paula Næss Skår; alesia.andreassen@ffk.no; kari.hoel@hedmark.org; jorunn.lilleslett@ntfk.no; siri-anett.myhre@byr.oslo.kommune.no; chlotte.rosenberg.kristensen@rogfk.no; anne-kjersti.stenehjem@sfj.no; asbjorn.leraand@stfk.no; marion.erichsen@vaf.no; elisabem@vfk.no; runval@ostfoldfk.no; Benedikte Vivaas Kise; Skjulestad, Hilde M; rita.starup.andersen@bfk.no; Berit Dianne Kilvær; Bjørn, Inga Margrethe Eira; Berit.Johannessen@oppland.org; renete.strand@t-fk.no; tonfis@nfk.no

Kopi:

Emne: Landskonferansen 2018

Vedlegg: image002.png

Hei dere!

Først vil jeg takke Møre og Romsdal for flott arrangert og gjennomført landskonferanse i vår. Jeg fikk dessverre kun med meg dag en, men resten av gjengen fra Troms deltok alle dager og kom tilbake strålende fornøyd!

Så nå er lista lagt (høyt) for neste års landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd, som TROMS skal arrangere. Jeg har begynt å få en del spørsmål om dato, og den er satt:

mandag 4. – onsdag 6. juni 2018

Programmet er nesten ferdig, regner med at invitasjonen blir sendt ut før jul.

Jeg kan si såpass at konferansen blir på Scandic Ishavshotel:

<https://www.scandichotels.no/hotell/norge/tromso/scandic-ishavshotel> (møterom Panorama)

Og på dag to går turen til Sommarøy: <https://www.sommaroy.no/>

Vi gleder oss veldig – håper mange av dere har mulighet å komme!

Vennlig hilsen

Line Samuelsen
Fylkesordførers sekretær
DU Sekretariatet
Troms fylkeskommune

Telefon: +47 77 78 80 11
www.tromsfylke.no



Fra: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem (Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no)

Sendt: 04.10.2017 09:46:55

Til: Chalotte Rosenberg Davidsen (chalotte.rosenberg.davidsen@rogfk.no); Berit Dianne Kilvær

Kopi: harald.ekroll@eninvest.net; Henrik Oppen

Emne: Vestlandskonferansen 2018

Vedlegg:

Hei!

Det er fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane sin tur til å arrangere Vestlandskonferansen i 2018. Sett av datoane 7. – 8. mai. Samlinga vert mest sannsynleg i Nordfjord – Alexandra hotell.

Har de ønske om tema for konferansen er det fint om de sender meg desse innan 1. november.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane har diskutert at desse temaene kan vere aktuelle:

- Velferdsteknologi – her kan det vere aktuelt med informasjon frå Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane – der det er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar i Sogn og Fjordane, og kva erfaringar prosjektet har gjort seg hittil
- Korleis sikre eldre god mat og gode måltider – informasjon frå Lærdal kommune der dei har innført ekstra måltid, og Gloppen omsorgssenter som har vunne 1. plass Gylne måltidsøyeblikk

Med helsing

Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

rådgjevar, fylkesrådmannen - stab

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfj.no | Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95725658

Notat

Dato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-31
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Angående opptrykk av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017 – svar frå SKYSS

Det vert vist til sak RS 17/2017 i møte den 12.09.2017, SKYSS: Angående opptrykk av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017.

SKYSS hadde ei orientering i møte i fylkeseldrerådet den 01.06.2017 om:

- Papirlause rutetabellar og infobrosjyren: Får bussane og båtane påfyll av brosjyren ?
- Servicelinjenettet i Bergen

Fylkeseldrerådet har minna SKYSS på lovnad om opptrykk av infobrosjyren ved ruteomlegging hausten 2017. Skyss har følgjande svar:

«Folder med informasjon om hvor man kan finne ruteinformasjon ble, som du kjenner til, plassert ut i alle bussene i Hordaland desember 2016.

I forbindelse med oppstart av sommerruter 2017 trykket vi opp nytt opplag, og etterfylte i bussene. Etter Sykkel-VM vil vi igjen sjekke at folderne er på plass, og etterfylle om nødvendig.»

Til info.

NotatDato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-32
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Skriftleg innspel frå Fylkeseldrerådet til rulleringen av Handlingsplan for folkehelse etter innspelsmøte 25.09.17

Fylkeseldrerådet har gjeve skriftleg innspel til rullering av Handlingsplan for folkehelse etter innspelsmøte den 25.09.2017. Hordaland fylkeskommune ved regionalavdelinga kalte inn til innspelsmøte den 25.09.2017.

Uttalen frå fylkeseldrerådet følgjer vedlagt:

Tema 1. Heilskapeleg folkehelsearbeid og universell utforming.

Arbeidssted/ organisasjon: **Fylkeseldrerådet**

Beholde tiltak nummer

Det vart i møtet nemnt at tiltak 1.14 kunne bli kuttet ut fordi det skulle vera ivaretekt allereie i andre planar.

Tiltaket bør ikkje gå ut, for det er viktig at sentrale tiltak vert nemnt fleire stader for å minna om saka.

Erstatt med

Nytt forslag delmål 1.1**Nytt tiltak (1) under delmål 1.1.:**

I samarbeid med enkelte kommunar og deira heimetenester etablera prøveordning med ambulerande tannlegekontor, som førebyggjande tannhelsetiltak og sosial utjamning.

Grunngjeving: Eldre personar og andre kan ha vanskar med å koma seg til tannlege for kontroll både på grunn av at dei bur i grisgrendt strøk med vanskelege transporttilhøve og av økonomiske grunnar. Ei enkel undersøking der dei bur, kan sikra at behov for tannpleie kan bli oppdaga før tilstanden har utvikla seg til det verre. Slik kan ein medvirka til at målsettinga med at innbyggjarane i Hordaland får "det tannhelsetilbodet dei har rett på og oppfylle krav i tannhelseslova".

Nytt forslag delmål 1.1

Nytt tiltak (2) under delmål 1.1:

Sørgja for at relevante råd i HFK på eit tidleg tidspunkt vert involverte i alt planarbeid, og minna kommunane om det same for deira del.

Grunngjeving: For å kunna fungera etter målsettinga med dei, er det er viktig at dei lovfesta råda i fylkeskommunen og kommunane vert tekne tidleg med i prosessane fram mot vedtak innanfor område som angår dei.

Nytt forslag delmål 1.4

Nytt tiltak under delmål 1.4:

Etablera sektorovergripande og tverrfagleg plangruppe for å sikra at tiltak på same felt innanfor universell utforming vert koordinerte og ivaretekne i alle fylkeskommunale/ regionale planar.

Tema 2. Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader.

Arbeidssted/ organisasjon: **Fylkeseldrerådet**

Endre / slett tiltak numer

Erstatt med

Nytt forslag Delmål 2.1

Nytt tiltak:

Arbeida for at det i samband med utvikling av "gode, trygge og aktive nærmiljø" blir oppretta rutetilbod frå utkantområde fram til sentrumsområda på aktuelle tidspunkt på døgnet.

Samarbeidspartnar: Samfedselsavdelinga v/ Skyss

Tema 5. Fleire skal vera fysisk aktive kvar dag

Arbeidssted/ organisasjon: **Fylkeseldrerådet**

Endre / slett tiltak nummer

Erstatt med

Nytt forslag Delmål 5.3

Nytt tiltak under delmål 5.3:

Arbeida for at det vert innført rabatterte billetter, der det i dag ikkje blir gitt slik rabatt, for funksjonshemma, studentar og pensjonistar på offentlege arenaer som tilbyr fysiske aktivitetar



Notat

Dato: 25.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-28
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Ad. Servicelinjer på tvers av bydelane - svarbrev frå SKYSS

Det vert vist til sak RS 1/17. Fylkeseldrerådet har motteke kopi av brev frå Bergen eldreråd. SKYSS vert oppmoda om å opprette Servicelinjer på tvers av bydelane, mellom anna Fana sør.

Svarbrev frå SKYSS til Bergen eldreråd er vedlagt saka, til orientering.



Eldrerådet
Bergen kommune



Vår ref.:

Dykkar ref.:

Bergen, 14.12.2016

Vedr «Om behovet for servicelinjer «på tvers» i bydelene»

Takk for henvendelse og engasjement angående servicelinjene i Bergen.

Servicelinjene er et rutetilbud for reisende som har vanskeligheter med å bruke det ordinære kollektivtilbudet, linjene har faste reisende og vi vet at tilbudet er svært kjærkomment hos målgruppen.

I 2013 overtok Skyss ansvaret for servicelinjene, og tilbudet ble da økt fra 3 til 4 linjer. Det er mange som har individuelle ønsker når det gjelder servicelinjens trasé, og vi har forståelse for at det er ønske om utvidelse til flere bydeler. Vi i Skyss arbeider hele tiden for å forbedre kollektivtilbudet, i henhold til Kollektivstrategi for Hordaland. Innenfor Skyss sine økonomiske rammer må det gjøres prioriteringer, og vi har ikke anledning til å innfri alle ønsker. Vi setter pris på engasjementet til arbeidsgruppen i Fana, men vi har dessverre ikke mulighet til å etablere flere servicelinjer i Bergen i denne omgang.

I tråd med retningslinjer for universell utforming er nå alt bussmateriell i større grad tilpasset alle brukere, og holdeplasser blir over tid oppgradert av vegeier. Dette gjør at flere vil kunne benytte seg av det ordinære rutetilbudet, og behovet for egne servicelinjer vil dermed bli mindre.

Med vennlig hilsen,
Målfrid Vik Sønstabø

Leder avdeling Trafikktilbud

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Notat

Dato: 25.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-29
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse - tilbakemelding frå fylkestannlegen

Det vert vist til sak PS 19/17 fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse.

Fylkeseldrerådet ber om at tannhelsetenesta i Hordaland vert opprettheldt, slik tenesta er organisert idag.

Det har og vore sendt ein uttale frå Fylkeseldrerådet i Hordaland til Fylkestannlegen i Hordaland.

Vedlagt følgjer tilbakemelding frå fylkestannlegen til fylkeseldrerådet, til orientering.

Sjå vedlegg.



Notat

Dato: 06.10.2017
Arkivsak: 2017/3716-3
Saksbehandlar: arnasan

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkestannlegen i Hordaland

Tannhelsetenesta i Hordaland - uttale frå fylkestannlegen

Fylkestannlegen viser til notat datert 26.04.2017 – uttale om tannhelse frå fylkeseldrerådet.

Fylkestannlegen må forholde seg til dei lovene og forskriftene som er vedtekne av Stortinget. Den loven som nå regulerer tannhelsetilbodet er lov om tannhelseteneste frå 1983. Grunnleggande lovendingar som t d at tannhelsetenester skal samordnast med helsetenester elles må ev utarbeidast av Helse- og omsorgsdepartementet og vedtas av Stortinget.

Tannhelsetenesta i Hordaland har i 2017 fem tannklinikkar på institusjon – eller i same bygget som ein institusjon. Det er ikkje på nåverande tidspunkt planar om å endra dette.

Mobil tannklinikk har vore grundig vurdert tidlegare. Det blei då konkludert med at mobil tannklinikk har så mange ulemper at det ikkje var aktuelt å ta ei slik løysing i bruk i Hordaland. Innvendingane mot mobil tannklinikk er i hovudsak:

- Vanskar med å tilfredstillast krav til hygiene på tannklinikken
- Umulig å tilfredstillast krav til universell utforming av tannklinikken
- Store kostnader til innkjøp og drift – det må mellom anna tilsettast sjåfør til å køyra lastebilen

Fylkestannlegen veit at andre fylkeskommunar har også vurdert bruk av mobil tannklinikk, og har kome til same konklusjon.

Notat

Dato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-33
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Ad. eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland

Fylkeseldrerådet har motteke ein henvendelse frå Pensjonistforbundet i Hordaland v/Tollak Hjelmervik.

Saka følgjer vedlagt:

«Helseutvalget i Pensjonistforbundet Hordaland ønsker å gjøre Fylkeseldrerådet oppmerksom på oppslag i Bergens Tidende i dag hvor styreleder av Bergen Døvesenter står frem, s 32-33. Foreningen er for døve og hørselshemmede i Bergen og Hordaland med 400 medlemmer.

Han peker bl. a. på at døve eldre som trenger sykehjem blir plassert i institusjon hvor ingen kan tegnspråk.

Dette mener vi er en svært alvorlig situasjon og må kanskje sees som et overgrep.

Vi ber fylkeseldrerådet sammen med rådet for funksjonshemmede tar tak i dette snarest mulig.

Mvh

Tollak Hjelmervik

PfH Helseutvalget /leder»

Notat

Dato: 25.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-30
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Forslag til endringar i TT-ordninga

Det vert vist til sak RS 13/2017 i fylkeseldrerådet den 12.09.2017 – Transportordninga for funksjonshemma, TT-kort på sjukeheim, svar frå samferdselsavdelinga.

Det vert deretter vist til sak PS 100/2017 i utval for miljø og samferdsel og til sak PS 256/2017 i fylkesutvalet,» Forslag til endringar i TT-ordninga». Saka vert behandla i møte i fylkesutvalet den 26.10.2017.

I forslag til innstilling går det fram at:

«Fylkesutvalet godkjenner at forslaget til nytt reglement vert sendt på høyring til kommunane og aktuelle brukarorganisasjonar og fylkeskommunale råd.»

Dette til orientering.

NotatDato: 08.08.2017
Arkivsak: 2014/15627-40
Saksbehandlar: erliver

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om innfartsparkering frå Silje Hjemdal

Det vert vist til følgjande spørsmål på e-post frå representanten Silje Hjemdal om innfartsparkering, datert 4. august 2017:

«Tidligere i år kunne vi lese at c- feltet i Åsane med stor sannsynlighet ville bli innfartsparkeringsfelt. Dette svarer opp mot den bestillingen fylkestinget hadde i innfartsparkeringsstrategien, der man skulle vurdere ulike alternativer.

Nå har jeg forstått det slik at dette kanskje ikke blir noe av likevel?

Kan fylkesrådmannen klargjøre situasjonen for innfartsparkering på c- feltet?

Kan fylkesutvalget få en kort redegjørelse for hvilke andre innfartsparkeringsprosjekter som er mulig å realisere innen kort tid?»

Under handsaming av *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*, 11. mars 2015 vart det mellom anna gjort følgjande vedtak:

«9. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen om å sjå på evt. ledige tomter som kan brukast til mellombelse innfartsparkeringar, f.eks. Haukås eller C-feltet i Åsane.»

Hordaland fylkeskommune har arbeidd med eit prosjekt for utvikling av innfartsparkeringstilbodet i Åsane. Fleire ulike areal har vore vurdert, der C-tomta (like aust for Åsane Storsenter og E 39) vart sett som den gunstigaste staden. Det er derfor i løpet av våren gjennomført grunnundersøkingar og planlegging av tilkomst frå Åsamyrane til C-tomta.

Det har over lengre tid vore dialog om C-tomta med Bergen kommune gjennom Bergensprogrammet sine organ, og det vart oppretta konkret dialog/ prosjekt med Åsane Sentrum Øst AS som grunneigar i januar i år. Åsane Sentrum Øst AS er eigd 80% av Bergen Tomteselskap AS (BTS)/ Bergen kommune og 20% av Ole Bull Utvikling AS. Målsetnaden for fylkeskommunen har vore å etablere ein mellombels leigeavtale for bruk av arealet til innfartsparkering. Dialogen på vårparten tilsa at denne skulle vere mogleg å få på plass.

Mot slutten av juni ga Åsane Sentrum Øst AS fylkeskommunen tilbakemelding om at det ikkje vart vurdert som ønskeleg å inngå leigeavtale for bruk av C-tomta til innfartsparkering, ettersom det ikkje har vore mogleg å oppnå semje i styret i selskapet. (Det er opplyst at det er stadfesta i selskapets vedtekter at det

skal vere 100% tilslutning i styret for større saker som gjeld selskapet). Det har derfor ikkje vore mogleg å få på plass avtale om disponering av arealet, og det vil derfor heller ikkje vere mogleg å etablere innfartsparkering før Sykkel-VM.

Fylkesrådmannen vil likevel arbeide vidare med ambisjon om å få bygd nye innfartsparkeringsplassar på C-tomta så snart det lar seg gjere. Det vert presisert at dei føreslåtte plassane er av mellombels karakter, inntil avklaring av permanent innfartsparkering i Åsane gjennom bybaneprojektet.

Når det gjeld etablering av andre innfartsparkeringsprosjekt i eit kortare tidsperspektiv, så vert det arbeidd med konkrete prosjekt opp mot omlandskommunane til Bergen. Dette gjeld følgjande:

- Fjell kommune, ved Fjell kyrkje
- Askøy kommune, ved Fv 562/ Strusshamnroundkøyringa
- Vidare er fylkesrådmannen i dialog med kommunane Lindås, Samnanger og Voss om etablering av prosjekt

Fylkesrådmannen vil peike på at det er den einskilde kommune som er planstyresmakt for etablering av innfartsparkering. Det vil derfor vere naudsynt at det vert arbeidd vidare med etablering av felles prosjekt mellom kommunane og fylkeskommunen for styrking av innfartsparkeringstilbodet i tråd med *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.

NotatDato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-34
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

**Spørsmål og svar i møte 08.06.2017 i utval for miljø og samferdsel,
Parkeringsmuligheter i Birkelandsskiftet**

Fylkeseldrerådet hadde spørsmålet oppe i møte 1 juni om det let seg gjera å setja av nokre parkeringsplasser for eldre som ikkje ønskjer å kjøra bil til Bergen sentrum men ønskjer å kunna parkera i Birkelandsskiftet.

Spørsmålet vart teke opp i utval for miljø og samferdsel i møte den 08.06.17:

Emne: Miljø og Samferdslemøte 8 juni 2017

Miljø og Samferdslemøte 8 juni 2017

Parkeringsmulighetene i Birkelandsskiftet?

Fylkeseldrerådet hadde spørsmålet oppe i møte 1 juni om det let seg gjera å setja av nokre parkeringsplasser for eldre som ikkje ønskjer å kjøra bil til Bergen sentrum men ønskjer å kunna parkera i Birkelandsskiftet.

Det er bebuarar i Ytrebygda som no har mista parkeringsmulighetene dei hadde tidligare fordi Skyss ifm Bybanen kun tillater parkering for dei med månedskort evt. 7- dagarskort.

Skyss og ulike velforeiningar har tidligare vore i dialog om dette, ein skulle då venta til bybanen opna til Flesland for å sjå om behovet endra seg.

Det er ca. 380 parkeringsplasser totalt i Birkelandsskiftet if. Skyss sine heimesider. Seinare tid har det no etter Bybanen går til Flesland vore gjennomført telling i tre dagar mellom Kl. 12.00-13.00 dette for å ha ei lita oversikt på korleis det ser ut ift. ledige parkeringsplasser. Resultatet er ca. 350 ledige parkeringsplasser, plasser som parkerande ikkje får tilgang til med mindre dei har månedskort.

Kan det leggjast tilrette for at folk skal reisa kollektivt, parkera ved Birkelandsskiftet?

Det vil bli ferre bilar som kjøre til sentrum av Bergen, det er ein god miljøgevinst samtidig som ein er med og nyttar seg av kollektivtilbudet slik Hordaland fylkeskommune oppmodar til å gjera.

Mvh
Synnøve Solbakken
Fylkeseldrerådet

Sjå vedlagte svar frå administrasjonen.

Vedlegg.

Administrasjonen hadde utarbeidd slikt svar:

«Hordaland fylkeskommune har ein strategi for innfartsparkering som slår fast at innfartsparkering er ein del av kollektivtilbodet. Målet er å auka talet på kollektivreisande og medverka til å redusera trafikk-«toppane» i rushtida. For å gjera det lett å byta til buss, ligg innfartsparkering ofte nær kollektivknutepunkt. Parkering er dei aller fleste stader eit knappheitsgode, og mange innfartsparkeringar vert fylt opp alt tidleg om morgonen. Innfartsparkering er retta mot rushtidsbaserte arbeidsreiser, og oblatordninga er difor tilrettelagt for faste reisande med periodebillett. Vi har per i dag ingen betalingsløyising for reisande med einskildbillett. Det føreligg heller ikkje ei teknisk løyising på å ta ut parkeringsoblat for å leggja i frontruta på bilen ved bruk av einskildbillett.

I Birkelandsskiftet må vi ta særleg omsyn til at det er kort veg til flyplassen. Det er ikkje ønskeleg at det som er etablert som en p-plass for kollektivreisande, i staden blir nytta som ein rimeleg utfartsparkering for flyreisande. Dette er ein grunn til at betaling basert på einskildbillett vil kunne slå uheldig ut. P-anlegget på Birkelandsskiftet er framleis i en tidleg fase. Bybanen har berre vore i drift heilt til flyplassen i eit par månader, og det er førebels for tidleg å trekkja konklusjonar om bruken av p-plassane.

Når det gjeld spørsmålet om særleg tilrettelegging av parkeringsplassar for eldre, så er dette eit universelt spørsmål som i prinsippet gjeld alle innfartsparkeringsplassane. Fylkeskommunen har ikkje lagt opp til at denne gruppa billistar skal ha særhandsaming. Eldre som er kvalifisert for det kan få parkeringsbevis for funksjonshemma av Bergen kommune.»

NotatDato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/2682-35
Saksbehandlar: memnord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Økonomi - kort status

Ansvar	
	ALLE
100310	Fylkeseldreråd
100310	Fylkeseldreråd
100310	Fylkeseldreråd
100310	Fylkeseldreråd
100310	Fylkeseldreråd
100310	Fylkeseldreråd

Sted	
10031000	Fylkeseldreråd
10031001	Rådsmøter
10031002	AU
10031003	Kurs og konferanser
10031004	Eigne arrangement

Forbruk	Rev Budsjett pt
287 862	339 182
287 862	339 182
20 600	339 182
121 291	0
5 101	0

134 259	0
6 611	0

Årsbudsjett	Restsum
410 000	122 138
410 000	
410 000	



Arkivnr: 2017/2682-26

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	39/17	09.11.2017

Ad. Brev frå fylkeseldrerådet til Statens vegvesen Region vest - flytting av gangfelt i Årstadveien. Tilkomst til nye Haraldsplass Diakonale sykehus.

Samandrag

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjent med at når nye Haraldsplass Diakonale Sykehus opnar i september 2018, vil hovudinngangen til sjukehuset bli flytta, slik at den næraste stoppestaden til sjukehuset blir den stoppestaden i Årstadveien som er ved Statsarkivet. Tilkomsten vil skje via ein gangveg frå Årstadvegen over Møllendalselva.

Fylkeseldrerådet er kjent med at Haraldsplass Diakonale Sykehus ynskjer overgang for fotgjengarar direkte frå stoppestaden og til gangvegen som fører mot hovudinngangen til sjukehuset. Det overgangsfeltet som finst idag, ligg lenger opp mot Statsarkivet og er og kryssing til Haukeland skole.

Fylkeseldrerådet meiner at å flytta gangfeltet nærare busshaldeplassen ikkje vil verta til ulemper for elevar og tilsette ved skulen, eller for bebuarar i området.

Fylkeseldrerådet ber difor Statens vegvesen om å vurdere å flytte overgangen slik Haraldsplass Diakonale Sykehus ønskjer.

Fylkeseldrerådet har skrevet eit utkast til brev til Statens vegvesen Region vest, der ein ber vegvesenet om å vurdere å flytte gangfeltet, slik Haraldsplass Diakonale Sykehus ønskjer. Sjå vedlegg.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtak forslag til brev til Statens vegvesen Region vest, angående flytting av gangfelt i Årstadveien.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
Jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkeseldrerådet I Hordaland
Agnes Mowinckelsgt 5
Postboks 7009 Bergen

Statens Vegvesen
Region Vest
Postboks 43
6861 Leikanger

e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Bergen den 9.nov. 2017

Flytting av gangfelt i Årstadveien. Tilkomst til nye Haraldsplass Diakonale Sykehus

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjend med at når nye Haraldsplass Sykehus opnar i september 2018, vil hovudinngangen til sjukehuset bli flytta, slik at den næraste stoppestaden til sjukehuset blir den stoppestaden i Årstadveien som heiter Statsarkivet. Tilkomsten vil skje via gangveg frå Årstadvegen over Møllendalselva. Gangvegen vil koma til å liggja rett vis a vis stoppestaden for buss som kjem frå Bergen sentrum.

Fylkeselderådet er vidare kjend med at Haraldsplass Diakonale Sykehus ønskjer overgang for fotgangarar direkte frå stoppestaden og til gangvegen som fører mot hovudinngangen til sjukehuset. Det overgangsfeltet som finst i dag, ligg lenger opp mot Statsarkivet og er også kryssing til Haukeland Skole.

Fylkeseldrerådet meiner at å flytta gangfeltet nærare bushaldeplassen ikkje vil vera til ulempe for elevar og tilsette ved skulen eller for bebuarar i området, men vil vera ein lette for pasientar og pårørande som skal til sjukehuset.

Fyel ber difor Statens Vegvesen om å vurdere å flytta overgangen slik Haraldsplass Diakonale Sjukehus ønskjer.

Med venleg helsing

Med venleg helsing

Kåre Ystanes
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland



Arkivnr: 2017/2682-27

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	40/17	09.11.2017

Ad. brev frå fylkeseldrerådet til Skyss angående endring av namn på busshaldeplass ved Haraldsplass Diakonale Sykehus

Samandrag

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjend med at Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) i brev til SKYSS 15. mai 2017 ber om å få endra nemnet på busshaldeplassen ved Statsarkivet i Årstadveien. Sjukehuset ønskjer at namnet blir endra til «Haraldsplass Diakonale Sykehus» eller «Haraldsplass».

Så langt fylkeseldrerådet veit, har sjukehuset ikkje motteke svar på sitt brev, pr. 20.10.2017.

Fylkeseldrerådet har laga eit utkast til brev til SKYSS, der fylkeseldrerådet ber Skyss om deira synspunkt i saka.

Sjå vedlegg.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til brev til SKYSS angående endring av namn på busshaldeplass i Årstadveien.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
Jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Agnes Mowinckels gate 5

SKYSS
Vestre strømkaiene 9
5008 Bergen

Bergen 9/11-2017

SAK: Endring av namn på busshaldeplass i Årstadveien, Bergen

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjend med at Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) i brev til SKYSS 15. mai 2017 ber om å få endra namnet på haldeplassen ved Statsarkivet i Årstadveien. Sjukehuset ønskjer at namnet blir endra til "Haraldsplass Diakonale Sykehus" eller "Haraldsplass".

Så langt Fylkeseldrerådet veit, har sjukehuset ikkje fått svar på brevet pr. 20/10-2017.

Ønskjet om namneskift på haldeplassen blir grunngitt med at HDS i september 2018 skal opna det nye tilbygget til sjukehuset. Hovudinngangen til sjukehuset blir då endra slik at den raskaste tilkomsten vil bli via gangbru over Møllendalselva frå Årstadveien rett overfor stoppestaden som i dag heiter Statsarkivet.

Fylkeseldrerådet støttar søknaden frå HDS om at haldeplassen som i dag heiter Statsarkivet får eit namn som varslar om at dette er stoppestaden for dei som skal til Haraldsplass Diakonale Sykehus, og at namneskiftet skjer når det nye HDS innviast i september 2018.

Alternativt kan haldeplassen få dobbelt namn, både namnet Statsarkivet og eit namn som knytter haldeplassen til HDS.

Fylkeseldrerådet meiner at ikkje alle som skal til det nye HDS vil vite at Statsarkivet er haldeplassen som ligg nærast sjukehuset. Neste stopp heiter jo Haukeland sykehus nord, så stoda no er at ingen av dei næraste haldeplassane til HDS har namn som gir indikasjon på at det er her ein må gå av om ein vil til HDS.

Fylkeseldrerådet ber om SKYSS sitt synspunkt på saka.

Med venleg helsing

Kåre Ystanes
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland



Arkivnr: 2017/2682-36

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		09.11.2017

Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2018-2019 - førebuing

Samandrag

Fylkeseldrerådet i Hordaland 41/17 09.11.2017

Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2016-2017 må rullerast. Medlemmane i fylkeseldrerådet bes lese gjennom handlingsplanen og kome med forslag og innspel til handlingsplanen for fylkeseldrerådet for 2018 – 2019.

Forslag til vedtak

Medlemmane i fylkeseldrerådet vil kome med innspel og forslag til Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2018-2019.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
Jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2017/2682-37

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	42/17	09.11.2017

Årsmelding for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2017 - førebuing

Samandrag

Årsmeldinga for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2017 må førebuast. Medlemmane i fylkeseldrerådet bes kome med innspel til årsmeldinga for 2017. Medlemmane vert og oppmoda til å opplyse om kva for nokre arrangement dei har delteke på og i kva saker dei har engasjert seg i, slik at det kjem fram i årsmeldinga for 2017.

Forslag til vedtak

Medlemmane i fylkeseldrerådet vil kome med innspel og forslag til saker som skal med i Årsmeldinga for Fylkeseldrerådet for 2017.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
Jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

PS 43/17 Ymse